



**HJELMELAND
KOMMUNE**

Møteprotokoll for Råd for menneske med funksjonshindring

Møtedato: 22.05.2026
Møtestad: Eventyrskogen
Møtetid: kl 13.00 - 15.00

Møtedeltakarar	Parti
Anne Tove G. Ingvaldstad	SP
Berit Søvik Østerhus	SP
Helge Mæle	U
Ingrid Pedersen	U
Jan Arne Hansen	U

Sakliste

Saksnummer	Sakstittel
013/26	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
014/26	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL
015/26	REFERAT- OG DRØFTINGSSAKER
015/26.1	Brev til kommunalt råd for funksjonshemmede
016/26	KOMMUNEDIREKTØREN ORIENTERER
017/26	Årsmelding Råd for menneske med funksjonshindring - 2025

013/26: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Forslag til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent slik dei ligg føre.

22.05.2026 Råd for menneske med funksjonshindring

Behandling:

Merknad til innkallinga:

- Dagens møte var ikkje annonsert i Strandbuen, det burde det være.
- Ang. sak om ordning for ferietilskot har det vore mailkorrespondanse om saksgang. Medlem i rådet meiner at denne saka også burde stå på dagens saksliste. Videre saksgang blir som følger: Saka vert sett opp på saksliste til neste møte, rådet kjem då med innspel til administrasjonen som vert tatt vidare til formannskapet. Saksgang blir lik for sak om taxi-ordning for menneske med nedsett funksjonevne.

FUNK - 013/26 Vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent slik dei ligg føre.

014/26: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

Forslag til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent slik den ligg føre.

22.05.2026 Råd for menneske med funksjonshindring

Behandling:

Merknad til protokoll: under behandling i sak 012/26 Bruksendring frå omsorgsbustad til kommunal bustad er medlem Anne Tove Gundersen Ingvaldstad navngitt som medlem Gundersen, riktig navn er medlem Ingvaldstad.

FUNK - 014/26 Vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent slik den ligg føre.

015/26: REFERAT- OG DRØFTINGSSAKER

Sakene tas til orientering.

22.05.2026 Råd for menneske med funksjonshindring

Behandling:

FUNK - 015/26 Vedtak:

Sakene tas til orientering.

015/26.1: Brev til kommunalt råd for funksjonshemmede

22.05.2026 Råd for menneske med funksjonshindring

Behandling:

FUNK - 015/26.1 **Vedtak:**

016/26: KOMMUNEDIREKTØREN ORIENTERER

Forslag til vedtak:

Saka vert tatt til orientering

22.05.2026 Råd for menneske med funksjonshindring

Behandling:

Ny ungdomsskule: Ungdomsskulen er planlagt tatt i bruk etter haustferien.

Veg: Det jobbes med vegen Kleppa- Viganeset.

Kommuneplanen sin arealdel legges fram til førstegangsbehandling til hausten.

Samlokalisering omsorgssenter: det lysas snart ut konkurranse på prosjektleiar som skal ta seg av prosessen med samlokaliseringen. Håper at prosjektleiar er på plass til etter sommerferien.

Symjehall: Nytilsett bademeister informerer om symjehallen som opner til hausten. Bademeister er ansvarleg for drift og planlegging av bruk av bassenget. Dimmensjonen på bassenget er 21x25 meter. Bassenget er delt i to med ein skiljevegg, og den eine delen har hev-senk botn og moglegheit for høgare temperatur. Skiljeveggen kan fjernast ved behov/konkurransar. Symjehallen har eit hoppetårn på 3 meter og stupetårn på 1 meter. Det må vere to badevaktar tilstades når hallen er open. Det vil vere tilgjengeleg badestol for transport mellom garderobe og mobil heis/trapp.

Bademeister ber rådet om innspel til bruk av symjehallen, rådet har følgende innspel:

Kva tilbod ynskjer de:

- gruppetrening med veildening frå fysioterapeut i bassenget. F.eks at fysioterapeuten gir veiledning 1 g per mnd.
- at bassenget er oppvarma nokre dagar, både dagtid og kveldstid
- at fysioterapiavdelinga har tilgang til bassenget for individuell behandling og/eller gruppetilbod.
- at det er tilgjengeleg lavterskel tilbod på ettermiddagstid for seniorer, unge, revamtikere etc.

Kommunalsjef er i dialog med fysioterapiavdelinga om deira behov og bruk av beassenget , og tar med innspela tilbake.

Kva tidspunkt og dagar ynskjer de å bruke symjehallen

- ingen konkrete dagar, men ynskjer å ha tilgang til bassenget når det er oppvarma, men også når det ikkje er oppvarma.

Kva kan bidra til at symjehallen blir eit godt tilbod for dykk

- Mulighet for å samles etter bassenget, f.eks i eit kafehjørne.

FUNK - 016/26 Vedtak:

Råd for menneske med funksjonshindring har følgende innspel til bruk av symjehallen:

Kva tilbod ynskjer de:

- gruppetrening med veiledning frå fysioterapeut i bassenget. F.eks at fysioterapeuten gir veiledning 1 g per mnd.
- at bassenget er oppvarma nokre dagar, både dagtid og kveldstid
- at fysioterapiavdelinga har tilgang til bassenget for individuell behandling og/eller gruppetilbod.
- at det er tilgjengeleg lavterskel tilbod på ettermiddagstid for seniorer, unge, revamatikere o.l

Kva tidspunkt og dagar ynskjer de å bruke symjehallen

- ingen konkrete dagar, men ynskjer å ha tilgang til bassenget når det er oppvarma, men også når det ikkje er oppvarma.

Kva kan bidra til at symjehallen blir eit godt tilbod for dykk

- Mulighet for å samles etter bassenget, f.eks i eit kafehjørne.

Dei andre sakene vert tatt til orientering

017/26: Årsmelding Råd for menneske med funksjonshindring - 2025

Forslag til vedtak

Årsmelding Råd for menneske med funksjonshindring 2025 vert godkjent og sendt til kommunestyret for orientering.

22.05.2026 Råd for menneske med funksjonshindring

Behandling:

Årsmelding for 2025 vart samrøystes godkjent.

FUNK - 017/26 Vedtak:

Årsmelding Råd for menneske med funksjonshindring 2025 vert godkjent og sendt til kommunestyret for orientering.